

## KVINNHERAD KOMMUNE

### Fellestenester

Politisk sekretariat

2006/3847

10.12.2008

### Vedlegg til sakliste – kommunestyremøte 27.05.2010

Saksnr	Innhald	
2010/34	Godkjenning av møteprotokoll	
2010/35	Årsmelding 2009	eige vedlegg
2010/36	Rekneskap 2009.	vedlegg
2010/37	Tertialrapport 1 / 2010.	vedlegg
2010/38	Sletting av tilbakekjøpsklausul for gnr. 144, bnr. 213, 215 og 223.	vedlegg
2010/39	Godkjenning av reguleringsplan - 81/188 - SPA-hotell - Rosendal - SPA hotell Bjørn N. Barstad	vedlegg
2010/40	Godkjenning av reguleringsplan - 196/48 - Blokkebærholmen - Halsnøy – Lars Kåre Sjo	vedlegg
2010/41	Brannordning for Kvinnherad kommune – revisjon	vedlegg
2010/42	Kartlegging av stemmegjeving i politiske utval	
2010/43	Folgefønnsenteret - status og framdrift (saka vert ettersendt)	

Til  
Kommunestyret i  
Kvinnherad kommune

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmann

## REVISJONSMELDING FOR 2009


Vi har revidert årsrekneskapen for Kvinnherad kommune for rekneskapsåret 2009, der driftsrekneskapen viser kr 628.505.952 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 44.233.232. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er sett saman av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter, noteopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram av rådmann. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimat, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av kommunen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for kommunen si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Haugesund, 15. april 2010  
Deloitte AS

  
Else Holst-Larsen  
statsautorisert revisor



Sekretariat for  
kontrollutvalet

**Kvinnherad kommune v/ kommunestyret**

**UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAP 2009**

Kontrollutvalet har i møte 28.04.2010, handsama Kvinnherad kommune sin årsrekneskap for 2009.

Til grunn for handsaminga ligg det avlagte årsrekneskapet, rådmannen si årsmelding, revisjonsmelding datert 15.04.10. Ansvarleg revisor og representantar for administrasjonen har og vore tilstades på utvalsmøtet, for å kunna supplera kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Av rekneskapan for 2009 har kontrollutvalet merka seg at driftsrekneskapan viser kr 628.505.952 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 44.233.232.

Netto driftsresultat var positivt med kr 55.234.949, dvs eit netto driftsresultat på 6,4 % (sett opp mot sum driftsinntekter).

Dei fleste kommunale einingar fekk betre resultat i 2009 enn venta. Til samanlikning hadde heile kommunesektoren eit driftsresultat som låg på 2,70 % i 2009, iflg. Statistisk Sentralbyrå. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU), tilrår at ein over tid bør ha eit netto driftsresultat på 3 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. For Kvinnherad kommune sin del er resultatgraden mellom dei beste resultat kommunen har oppnådd nokon sinne.

Kontrollutvalet har merka seg det rådmannen skriv i årsmeldinga om det gode resultatet som Kvinnherad kommune har oppnådd i 2009:

*"Med ekstra stramme budsjetttrammer står det respekt av dette resultatet."*

Vidare om årsakene til det gode resultatet:

*"Årsaka til det gode resultatet er gjennomføring av tiltak for å redusere veksten i driftsutgiftene, samt større inntektsauke enn venta. Spesielt kraftfondet har hatt sterk verdiauke, men også pensjon og skatt har gjeve høgare inntekter enn budsjettet."*

*"Når den tidlegare overskridinga på 47,4 mill. kr, er blitt dekt inn, og kommunen på ny er ute av ROBEK-lista, vil ein etter dette framleis sitje att med eit overskot på nær 3,2 mill. kr."*

Rådmannen gjev honnør til alle tilsette for deira bidrag i arbeidet med å oppnå gode resultat, og ein har vidare merka seg frå årsmeldinga:

*"Sjølvs om innstramming i tenestetilbodet viser undersøkingar at brukarane jamt over er godt nøgde med dei tenester som blir levert. Samtidig viser rapportar at dei tilsette trivst og at arbeidsmiljøet er godt."*

Men rådmannen peikar og på utfordringar som ligg føre:

*"Rekneskap, tenestetilbod og trivsel må ikkje få all merksemd ved handsaming av årsmeldinga. Det må og fokuserast på dei endringar som har, eller er i ferd med å skje, i Kvinnherad-samfunnet."*

Det vert peika på utfordringar som: finanskrise, utvikling i næringslivet, folketalsutvikling og utviklinga i økonomien innan kommunesektoren, særleg i høve til reformer, t.d. samhandlingsreforma.

*"I høve til samanliknbare kommunar, snittet for Hordaland, og snittet for landet, har Kvinnherad eit langt betre netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene. Samtidig ligg frie inntekter 9,4 % over snittet for landet. Også lånegjlda ligg over landssnittet, og det med heile 210,9 %."*

Deloitte AS har avgitt revisjonsmelding dagsett 15.04.10. Revisjonsmeldinga er ei såkalla "rein" melding, og revisor meiner at rekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter.

Ut over punkta nemnde over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka og revisjonsmeldinga av 15.04.10, har kontrollutvalet ikkje merknader til Kvinnherad kommune sitt årsrekneskap for 2009.

Rosendal 28.04.2010

Leiv Guddal  
Kontrollutvalsleiar

Kari Nygard  
Rådgevar / utvalssekretær

VEDLEGG NR. 4



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

KVINNHERAD KOMMUNE	
- 9 FEB. 2010	
Arkivsaksnr. 09/11622	Dak nr.
Arkivkode P	Saks beh. KAN
Arkivkode S	Kopi.

Kvinnherad kommune

5470 ROSENDAL

Dykkar ref

Vår ref  
09/1926-3 TLT

Dato  
08 FEB 2010

**Søknad om utvida inndekningstid**

Vi syner til brev av 2. juni 2009 frå Kvinnherad kommune til Fylkesmannen i Hordaland med søknad om inndekning av underskot over seks år.

Kommunal- og regionaldepartementet si vurdering er at vilkåra i kommuneloven § 48 nr. 4 om inndekning av underskot over meir enn fire år ikkje er oppfylte.

Departementet reknar kommunens underskot som mindre, og syner til at det i vilkåra for ordninga med dispensasjon ligg at denne er praktisert strengt.

Kvinnherad kommune sitt vedtak av 18. juni 2009 i kommunestyresak 2009/36 kan såleis ikkje godkjennast. Kommunen må med dette fatte nytt vedtak om dekning av underskot.

Med helsing

*Thor Bernstrøm*  
Thor Bernstrøm e.f.  
avdelingsdirektør

*Torill Torgrimsen*  
Torill Louise Torgrimsen  
rådgiver

K-36

Kvinnherad Kommune  
v/kontrollutvalet  
Rådhuset  
5470 Rosendal

29. april 2010

Revisjonsrapportnr. 9  
(journalførast)

## **REVISJON AV ÅRSREKNESKAPEN FOR REKNESKAPSÅRET 2009**

### **Generelt**

Revisjonen av rekneskapen for Kvinnherad kommune for 2009 er nå avslutta. Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold som vedrører den økonomiske situasjonen i Kvinnherad kommune.

Avdekte forhold og spørsmål blir normalt tatt opp med kommunen gjennom perioden, og vi viser til vår revisjonsrapport nr 6.

Konklusjonen på revisjonsarbeidet gis i form av ei revisjonsmelding som adresserast til kommunestyret i Kvinnherad kommune.

Deloitte utfører risikofokusert revisjon. Dette vil seie at vi gjennomfører ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. Kartlegginga har basert seg på intervju / samtalar med nøkkelpersonell, gjennomgang av relevant skriftlig materiale og gjennomgang av kommunens prosessar og rutiner.

### **Rekneskapsrevisjon**

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å gje ein uttale om rekneskapen i form av ei revisjonsmelding. Rekneskapsrevisjonen er delt i to fasar, interimrevisjon og årsoppgjersrevisjon.

I interimrevisjonen testar vi kontrollar i rekneskapsrutinar for å få verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg gjennomfører vi kontrollar på områder og for

regnskapsposter kor det ikkje er mogleg å oppnå same tryggleik eller med same effektivitet ved revisjon i årsoppgjeret.

I årsoppgjersrevisjonen har vi verifisert alle vesentlege balansetal og revidert obligatoriske oppstillingar og noter.

Vi har ved våre revisjonshandlingar ikkje funnet vesentlige formelle eller materielle feil i den framlagte rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte forhold nedenfor.

### **1. Manglande betaling av avdrag**

Det er krav om kommunar bereknar og betaler minimumsavdrag i tråd med retningslinjer i kommunelova. I 2009 blei det frå departementet si side slått fast at avdrag måtte betalast, og at det dermed ikkje er tilstrekkeleg å føre opp midlane som kortsiktig gjeld i balansen.

Kvinnherad kommune har rekneskapsført avdrag i tråd med lovgivinga, men har ikkje betalt heie beløpet inn. Dette er tatt opp med administrasjonen og vi fekk da denne kommentaren:

#### ”Ubetalte avdrag

Kvinnherad kommune har i dag kr 25.877.614,- i skyldige avdrag. Dette er avdrag utgiftsført mot Kortsiktig gjeld.

Kommuneloven §50 nr. 7 regulerer vilkår ved innlån.

KRD har seinare presisert at det ikkje er tilstrekkelig å utgiftsføre avdrag mot kortsiktig gjeld. Dette fordi den faktiske gjeldsforpliktelsen mot lånegiver ikkje vert redusert før avdragene virkelig er betalt.

Dette betyr at kommunen skulle fortatt ein faktisk nedbetaling av gjeld tilsvarende berekna minimumsavdrag eller budsjetterte avdrag.

Kvinnherad kommune har i dag ikkje akkumulert underskot (reknar da med årets udisponerte overskot).

I resultat fra og med 1997 ligg verdiendring på kommunen sitt kraftfond. Kraftfondet har over tid generert eit positivt rekneskapsmessig resultat som m.a. er brukt til å dekke inn eit negativt resultat i drifta i samme periode.

Kraftfondet (resultat)er ikkje blitt realisert tilsvarende det negative resultatet i drifta (sjølv med budsjettert utbytte kraftfond).

Konsekvensen er at kommunen har opparbeida seg eit likviditetsmessige underskot og difor ikkje har betalt så mykje avdrag som dei skal etter regelverket (kr 25,9 mill) til lånegiver.”

Revisjonen tilrår at kommunen i framtida sørger for at minimumsavdrag bli betalt inn i tråd med regelverket.

## **2. Finansområdet**

I "Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning" er det i §5 krav om at kommunen skal la uavhengig kompetanse vurdere rutinane som er etablert tilfredsstillende krava i forskrifta. Kommunen har ikkje gjennomført denne kontrollen.

Kommunen har i år tatt Nordeakontoen (som tidlegare ikkje var med i balansen), inn i rekneskapen som tidlegare tilrådd.

Vi tilrår at kommunen fylger opp krava i "Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning".

## **3. Balansepostar med avvik**

Det er i balansen oppført om lag NOK 1 mill meir i påløpt arbeidsgjevaravgift enn det om er avstemt og betalt.

Det er bokført om lag NOK 5,2 mill i skyldig meirverdiavgift renovasjon. Dette beløpet har stått uendra over fleire år, og vi ha fått opplyst at dette er ei gamal sak og at ein ikkje har mottatt krav frå fylkesskattesjefen.

Vi tilrår at det blir tatt tak i gamle differansar slik at det kan avklarast om desse skal gjerast opp, eller om dei kan tilbakeførast.

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor eller det er ønskjeleg med støtte frå oss i samband med å få på plass tiltak, står vi gjerne til teneste.

Med vennlig hilsen  
Deloitte AS

Else Holst-Larsen  
Statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann





## SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 28.april 2010

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 20/10

### 20/10 REKNESKAP 2009 FOR KVINNHERAD KOMMUNE. UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

#### Bakgrunn for saka:

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje uttale om årsregnskapet:

*"Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget."*

Det er ikkje krav om at kontrollutvalet handsamar årsmeldinga, men denne skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet / plan- og økonomiutvalet. Øvrig saksgang kan kommunen sjølv velja, gjerne at det går fram av eit kommunalt reglement. Mange kommunar praktiserar at det er formannskapet som innstiller overfor kommunestyret også når det gjeld årsmeldinga, sjølv om det ikkje er eit formalitetskrav om at formannskapet handsamar dette dokumentet.

Om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) står det i §10 følgjande i "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning":

#### ***"§ 10 Regnskapsfrister og behandling av årsregnskap og årsberetning***

*Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.*

*Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret. Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars.*

*Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.*

*Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.*

*Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den*

